



Lars Nordanger
Radøyvegen 2221
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8834 - 20/81631

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:
23.12.2020

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 419/43 parkering for naust Risnes

Tiltak: avkøyning frå parkeringsplass for naust
Byggjestad: Gbnr: 419/43 Risnes
Tiltakshavar: Lars Nordanger
Ansvarleg søkjar:

Delegertsak nr.: 1412/20

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for parkeringsplass for naust på Risnes.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Ved kjøp av nausttomt vart det tinglyst i skøytet at gbnr 419/43 hadde parkeringsrett på gbnr 419/10. Det er etablert ein liten oppgrusa plass etter tilvisning frå grunneigar. Det har vore sendt ut mangelbrev og saka er no vurdert på nytt.

Vurdering/drøfting:

Parkeringsplassen er opparbeida med avkøyning via ein gammal landbruksveg over 419/10 som og vert nytta som tilkomstveg til til gbnr 419/47. 419/10 og 419/47 står oppført med same eigar. Det vart i mangelbrev bedt om løyve til å nytte avkøyrsla på 419/10.

Etter nærmare vurdering har kommunen lagt til grunn at så lenge eigar av 419/10 har gitt løyve til å etablere parkeing med tilknyning til denne landbruksvegen er det og gitt løyve til å bruke eksisterande avkøyrsla for same parkeringsplass.

Landbruksvegen har tilkomst til kommunal veg Risnes på ei lang rettstrekning med god sikt i begge retningar og låg trafikkmengde. Parkeringsplassen tilhører eit naust og vil ikkje vere nytta dagleg året gjennom. Det vil og vere mogleg å nytte landbruksvegen for å unngå å rygge inn og ut frå kommunal veg.

Kommunen har difor vurdert at utvida bruk av avkjørsle frå eksisterande landbruksveg på gbnr 419/10 kan tillatast for denne eine parkeringsplassen.

Samandrag/konklusjon:

Det kan bli gitt løyve til utvida bruk av avkjørsle frå 419/10 for ein parkeringsplass til nausttomt for gbnr 419/43 på vilkår gitt i vedtaket.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel på gbnr 419/10 til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Grøfteareal mellom kommuneveg og parkeringsplass må oppretthaldast slik at det er tilkomst for drift og vedlikehold av den kommunale vegen.
- Det skal ikkje vere mogleg med tilkomst for køyretøy direkte frå kommunevegen og inn på parkeringsplassen.
- Arealet må ikkje nyttast til anna oppbevaring eller parkering av større køyretøy.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Thomas Risnes

Risnes 70

5937

BØVÅGEN

Mottakarar:

Lars Nordanger

Radøyvegen
2221

5936

MANGER